



## Spreier breiband til avkrokar i Telemark



Trådløst breiband krev fri sikt og då er det ofte dei høgaste toppane som gjeld.

**I snart tre år har RadioLink Telemark jobba for å få fram breiband til dei innarste dalar i Vest-Telemark. No er nær 80 linkstasjonar på plass for at fastbuande og hyttefolk skal kunne surfe framfor peisen, sjølv om dei er langt frå nærast veg.**

Det er torsdag ettermiddag og snø i lufta i Åmotsdal. Jan Vidar Holte og Mikkel Aanderaa er på veg opp til fjelltoppen Rust, 1160 meter over havet. Truleg har

solcellepanela isa ned, for dei har fått melding om at spenninga på batteria minkar.

- Me vil ikkje risikere at 3-4 fastbuande på vegen opp til Sudbø skal vere utan breiband i kveld, derfor rykker me ut på snøskuter sjølv om vær og føre ikkje er det beste, seier Jan Vidar Holte.

100 meter frå toppen har det lagt seg opp ein skavl med 60 cm laussnø, men etter 4-

5 forsøk med ny fart kjem snøskuteren igjennom her også. På toppen ventar ei fullstendig nedisa stasjon.

- Ikkje rart det minkar på ladinga her, konstaterer Mikkel Aanderaa og bankar snø av antenner, solcellepanel og vindgenerator.

### Meir vedlikehald

Stasjonen på Rust er ein av i alt sju stasjonar RadioLink Telemark har som går på sol- og vindkraft. Dei krev langt meir ettersyn en stasjonar som har fast straum. Men straumen er ikkje alltid der ein må ha ein linkstasjon for å få signala fram. Trådløst breiband krev fri sikt og då er det ofte dei høgaste toppane som gjeld.

For nokre år sidan bestemte styresmaktene at alle fastbuande hadde rett på breiband. Områda som mangla dekning blei lyst ut på anbod og utbygarane kunne kome pris på kor mykje dei måtte ha i tilskot for å bygge ut breiband til dei ulike områda.

Medan nokre satsar mest på fiberkabel har RadioLink Telemark AS bare satsa på trådløst utbygging.

- I tettbygde strom er fiber det beste, men for grender med stor avstand til næraste fiberkabel får samfunnet meir att for pengane ved å gå for trådløst tilkopling, meiner Mikkel Aanderaa som er dagleg leiar i RadioLink Telemark.

### Breiband der ingen skulle tru

På dei snart tre åra selskapet har halde på, har dei bygd ut snart 80 små og store linkar. Dei er plassert i kommunane Tinn, Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord, Bø og Nome. Dermed er det dekning frå Mogen i nord til Felle i sør og Birtedalen i vest og Bø i aust.

Heile tre gardar som har vore med i "Der ingen skulle tru at nokon kunne bu" på NRK, har fått breibandsdekning frå RadioLink Telemark: Kvipt og Skåli i Fyresdal og Argehovd i Vinje.

- Det er derfor me har slagordet "Breiband der ingen skulle tru!"



Mikkel Aanderaa monterer breiband for kundane på Møsstrond.

Kvar veke ringer det fastbuande som ikkje er nøgd med nettet sitt i dag. Bur dei langt frå sentralen kan farten bli låg gjennom telefonlina. Andre kan bare ha ISDN-line som blir for treig mot krava dei fleste har i dag. Då kan trådløst vere løysinga. Kunden får ei lita antenne på veggen eller taket som tar imot signala frå næraste linkstasjon.

#### Hytter på nett

Sjølv om nettet er bygd ut for å dekke fastbuande, får ein også dekning i ei rekke hytteområde på kjøpet.

- Me merkar ei aukande interesse for å få breiband på hytter. Mange kan vere ein ekstra dag på hytta om dei kan jobbe over nettet. I tillegg er det nok enklare å få med seg ungdomane om det er breiband på hytta, seier Mikkel Aanderaa. I starten var det mange som kvitte seg for eit fast abonnement på hytta, men etter at me lanserte eit tilbod der ein betaler for dei vekene ein er på hytta, losna det.

Så fort snøen er banka av vindgeneratoren på Rust, er han i gang igjen. Propellen svivi stor fart. Den kraftige vinden gjev kjærkomen straum til mest utladde batteri i den vesle bua. Det var like før stasjonen gjekk i svart.

- No kan det framleist bli surfa på nettet i Åmotsdal og Øyfjell, konstaterer Jan



Jan Vidar Holte konstaterer mykje ising på linkstasjonen Rust i Åmotsdal. Trass i mykje is sender antennene som dei skal.

Vidar Holte og Mikkel Aanderaa før dei vender nasen ned lia og heim i snøkaven.

Dekningskart og meir informasjon finn du på [www.rlink.no](http://www.rlink.no)

**Vi leverer trelast av topp kvalitet i hele Sør-Norge - prøv oss du også!**



3691 Gransherød - Tlf. 35 01 93 50 - Fax 35 01 93 54  
[www.tinnosetsag.no](http://www.tinnosetsag.no) - E-post: [post@tinnosetsag.no](mailto:post@tinnosetsag.no)

